



Leiketun Barnehage AS
Leiketun Barnehage AS Holtermandsvegen 2A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/374 - 18/14090

Saksbehandlar:
Mette Marei Træland
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:
26.06.2018

Referat frå dialogmøte 12 juni 2018

Tilstade : Espira Marthahaugen barnehage: Styrar Elisabeth Thorland og regionleiar Therese Dahn, Drømmehagen barnehage A/S : Styrar / Eigar Torill Seliussen og eigar Fredrik Seliussen. Læringsverkstedet Flatøy barnehage og Læringsverkstedet Maurtua barnehage A/S styrar Mona Osberg, Leiketun barnehage A/S : styrar Wenche H. Øpstebø og styreleiar Magnar Hellen, Blåklokka barnehage: Styrar/ eigarar Rigmor Sletten og Cecilie Dale Hella, Leiar i utval for Levekår : Sølvi Knudsen, Ordførar Øyvind Oddekalv, rådmann Martin W Kulild, Økonomisjef Per- Inge Olsen, Rådgjevar for barnehage Mette M Træland.

Sak 1. Økonomi :

Rådmannen informerte om den økonomiske stoda i Meland kommune. Formannskapet har handsama sak om ekstra tilskott med innstilling frå Rådmannen om at dette ikkje vert imøtekomme, då det ikkje er midlar i budsjettet. Kommunen må ta grep om drifta. Dersom ein tek av disposisjonsfondet vil det medføre at Meland kommune går inn i Alver kommune med mindre kapital. Det vil ikkje verte lagt inn kutt i drifta i 2018 på den kommunale barnehagen.

Ordførar informerte om at det vert arbeidd med revidert budsjett i junimøtet i Kommunestyret. Det er ikkje mogeleg å sjå i dag kor pengar til eit eventuelt ekstratilskot vi kunne verte funnet. Stoda er trong for alle driftsområda i Meland kommune.

Økonomisjef informerte om at ein har teke utgangspunkt i drifta på Marihøna barnehage, som grunnlag for tilskot til barnehagane. Barnehagane har fått tilskot til økt pedagogbemanning i tilskotet frå kommunen i 2018. Kommunen nytta dei statlege satsane. Tilskotet i 2018 har gått ned i høve satsen i 2017. Årsaka er rekneskapen for Marihøna barnehage i 2016. Økonomiplana i 2018 har teke høgde for auke i tilskot for 2019. Dette vert tema seinare hausten 2018.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det vart avtala at det vert nytt møte tidleg i haust .Då vert det enklare å ha dialog i høve budsjettprosessen. Framlegg til dato for møte vert sendt ut før juli av kommunen.

Det vart i møtet stilt spørsmål til den pedagogiske bemanninga i den kommunale barnehagen i høve lovverket. Meland kommune har godkjendtt årsmeldingane for alle barnehagane, og Fylkesmannen har og godkjent dei. Den kommunale barnehagen lyt senda inn søknad om dispensasjon frå pedagognorm, som dei andre barnehagane og har fått rettledning av pedagognorm i høve pedagogisk bemanning. Talet på barn er i samsvar med krav i Barnehageloven.

Barnehagane:

Satsane for tilskot har gått ned i 2018.Meland kommune ligger lågt i Hordaland fylke når det gjeld tilskot. Lønskostnadane i barnehagane utgjør størsteparten av driftskostnadane. Barnehagane følgjer tariff på lønsvest med 2,8% og krav om auka pensjonskostnader. På grunn av den låge satsen vert eigenkapital brukt , og nokon barnehagar har ikkje meir eigenkapital att. Drømmehagen informerte at tilskotet i 2018 er 1,1 millionar mindre i tilskot enn i 2017. Barnehagane har henta inn satsar frå Lindås, og Leiketun ville ha fått 1 million meir i tilskot i 2018 dersom Meland hadde same sats som Lindås.

I 2015 samla kommunestyret seg om ekstra tilskot på 5 millionar til dei private barnehagane. Beløpet barnehagane treng i 2018 vil samsvare med denne summen. Barnehagane delte ut eit oversyn over tilskot til private barnehagar i Meland kommune i 2017/2018. Eksempelet viser konsekvensen av nedgangen i satsen for tilskot frå Meland kommune til 3 private barnehagar.

Meland kommune har vedteke Kvalitetsplan for barnehagane. For barnehagane er arbeidet med den ein stor utfordring når tilskot er lågt, og bemanninga redusert til eit minimum. Meland kommune er mynde og skal sjå til at barnehagane følgjer Barnehageloven sine krav til tryggleik, bemanning og pedagogisk arbeid. Tidleg innsats er viktig og innsats retta mot borna i barnehagane vil gje utteljing i skulen. Barnehagane vil retta seg vidare mot administrasjon og politikare med saka.

Sak 2 Nytt om Alver kommune

Ordførar informerte om Alver kommune. Rådmann og toppleiarane er plasserte, og dei fleste tenesteområdeleiarane vil verte på plass før sommaren. Tenesteområdeleiarane skal leie prosjekt vidare for kvart tenesteområde.

Sak 3. Nytt frå staten om barnehagesektoren.

Rådgjever for barnehage viste lysark om sektoren og om eigar og mynderolla.

Lysark vert sendt ut til alle i etterkant

Sak 4 Eventuelt.

Det var ikkje innmeldte saker.

Med helsing

Martin W. Kulild
Rådmann

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Blåklokka Barnehage AS	Melandsvegen 38	5918	FREKHAUG
Drømmehagen Barnehage AS	Floghaugane 61	5918	FREKHAUG
Espira Marthahaugen AS	Postboks 353	4291	KOPERVIK
Leiketun Barnehage AS	Leiketun	5918	FREKHAUG
	Barnehage AS		
	Holtermandsvegen		
	2A		
Leiketun Barnehage AS	Leiketun	5918	FREKHAUG
	Barnehage AS		
	Holtermandsvegen		
	2A		
Leirdalen Barnehage Sa		5917	ROSSLAND
Lita-God Familiebarnehage	Hoplandsvegen	5918	FREKHAUG
	141		
Læringsverkstedet AS	Postboks 215	2051	JESSHEIM
Læringsverkstedet Maurtua AS	Postboks 215	2051	JESSHEIM
Magnar Hellen	Galtenesvegen 63	5918	FREKHAUG
Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen	Myrtveitvegen 68	5918	FREKHAUG